



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Rådhuset Tysnes kommune
Dato: 29.11.2018
Tidspunkt: 10:00 – 12:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Britt Sørensen Dalsgård	Leiar	AP
Lorentz Lunde	Nestleiar	KRF
Patrick Russel Madsen	Medlem	AP
Kirsten Gunn Epland	Medlem	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Magne Ivar Fauskanger	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
Linbjørg Lunde	Magne Ivar Fauskanger	V

Merknader

Andre som møte:

Navn	Stilling
Helena H. Winkel	Manager/reknesk.revisor Deloitte, i møtet til og med PS 45/18
Kjersti Gjuvsland	Forvaltningsrevisor Deloitte, i heile møtet
Steinar Dalland	Rådmann, i møte til og med PS 45/18
Hildur Heie	Helse- og sosialsjef, i møte til og med PS 45/18
Aud Kaldefoss	Oppvekstsjef, i møte til og med PS 45/18
Helga Nilsen Boland	Eingleiar pleie og omsorg/styrar Tysnes omsorgssenter, i PS 42/18
Therece Aga	Eingleiar open omsorg, i PS 42/18
Kåre Martin Kleppe	Ordførar, i heile møtet
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune, i heile møtet

Britt Sørensen Dalsgård
utvalsleiar

Kari Nygard
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 39/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 40/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 41/18	Status for oppfølgingsarbeid etter forvaltningsrevisjon av tenesteområdet plan- og byggesak		2015/4
PS 42/18	Orienteringssak om bemanningssituasjonen i pleie- og omsorgssektoren i Tysnes kommune		2014/258
PS 43/18	Orienteringssak vedr. samarbeidsavtale med Bergen Barnevernvakt		2014/258
PS 44/18	Forvaltningsrevisjon innan helsestasjons - skulehelsetenesta i Tysnes kommune, revisjonsrapport.		2018/27
PS 45/18	Rapport etter interimrevisjon 2018 Tysnes kommune		2016/73
PS 46/18	Referatsaker		
RS 15/18	Finansforvaltningsrapport pr. 31.10.18		2016/73
RS 16/18	Økonomisk oversikt driftsrekneskap pr. oktober 2018		2016/73
RS 17/18	Rekneskapoversyn kontrollutvalet 21.11.18		2016/45
RS 18/18	Forum for Kontroll og Tilsyn - Medlemsinformasjon oktober 2018		2017/40
RS 19/18	Invitasjon til NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2019		2017/94
PS 47/18	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/200
PS 48/18	Eventuelt		

PS 39/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2018

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 40/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2018

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 20.09.18.

Vedtak:

Møteprotokoll frå kontrollutvalet sitt møte 20.09.18 blei samrøystes godkjent.

PS 41/18 Status for oppfølgingsarbeid etter forvaltningsrevisjon av tenesteområdet plan- og byggesak

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2018

Handsaming i møtet:

Til saka blei desse dokumenta ettersendt til kontrollutvalet 28.11.18.:

- Notat frå rådmann datert 26.11.18. – Forvaltningsrevisjon av plan og byggesaker
- Flytskjema – politiske saker / delegerte saker
- Risikovurderingar

Rådmann Steinar Dalland gjennomgjekk dokumenta med kontrollutvalet. Kontrollutvalet drøfta informasjonen som er lagt fram og sa seg nå nøgd med oppfølginga etter forvaltningsrevisjonen. Utvalet merka seg at det som nå står att vil koma på plass når e-byggesak vert teke i bruk. Dette er planlagt i 2019, og kontrollutvalet ønskjer at når e-byggesak er teke i bruk vert det gjeve ei orientering om erfaringar med å ta i bruk systemet.

Sekretariatet kom med forslag til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå rådmannen når det gjeld oppfølging etter forvaltningsrevisjon av plan- og byggesaker og seier seg ferdig med saka.

Når E-Byggesak er teke i bruk i kommunen ber kontrollutvalet om at det vert gjeve ei orientering om erfaringar med å ta systemet i bruk.

PS 42/18 Orienteringssak om bemanningssituasjonen i pleie- og omsorgssektoren i Tysnes kommune

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2018

Handsaming i møtet:

Desse orienterte til kontrollutvalet om bemanningssituasjonen i pleie- og omsorgssektoren:

- Helse- og sosialsjef Hildur Heie
- Einingsleiar pleie og omsorg Helga Nilsen Boland
- Einingsleiar open omsorg Therece Aga

Orienteringa omfatta bemanningssituasjonen generelt, vikarbruk, utfordringar med deltids- og fulltidsstillingar og korleis ein arbeider med å få søkjarar til ledige stillingar. Det vart uttalt at det har vore eit krevjande år etter at det nye omsorgsenteret blei teke i bruk.

Det blei og informert om korleis ein administrerer bruk av institusjonsplassane og tenester til dei som bur i omsorgsbustad og heimebuande, blandt anna om korleis nattevakt-ordning vert organisert.

Rådmann Steinar Dalland var og med under handsaminga av saka og supplerte med opplysningar og informasjon.

Kontrollutvalet fekk koma med kommentarar og spørsmål som vart svara på. Sekretariatet kom med forslag om at kontrollutvalet burde få eit skriftleg samandrag av orienteringa, slik at det kan leggst fram som melding for kontrollutvalet på neste møte. Kontrollutvalet slutta seg til dette og takka for god informasjon om bemanningssituasjonen i pleie- og omsorgstenesta. Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa i saka og tok informasjonen til orientering. Utvalet ber om at det vert utarbeida eit notat med oppsummering av informasjonen som er gjeve. Et slikt notat vert å senda så snart som råd til sekretariatet, og seinast innan 15.02.19.

PS 43/18 Orienteringssak vedr. samarbeidsavtale med Bergen Barnevernvakt

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2018

Handsaming i møtet:

Oppvekstsjef Aud Kaldefoss orienterte om samarbeidsavtalen med Bergen Barnevernvakt. Kontrollutvalet kommenterte ut frå informasjonen og kom med synspunkt på at dette er positivt for Tysnes kommune. Forslag til vedtak blei samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 44/18 Forvaltningsrevisjon innan helsestasjons - skulehelsetenesta i Tysnes kommune, revisjonsrapport.

Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan Helsestasjons – og skulehelsetenesta i Tysnes kommune ber kommunestyret rådmannen syta for:

1. at det blir etablert eit heilskapleg styringssystem for helsestasjons- og skulehelsetenesta, som omfattar alle pålagde krav knytt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda. Under dette mellom anna:
 - a. Tydeleg fordeling av roller og ansvar
 - b. System for å ha oversikt over medarbeidarane sin kompetanse og behov for opplæring
 - c. System for å få oversikt over område i verksemda der det er risiko for svikt eller manglar
 - d. System for å få oversikt over avvik, under dette uønska hendingar
 - e. Prosedyrar og rutinar knytt til sentrale arbeidsoppgåver
 - f. System for å gjere bruk av erfaringar frå pasientar, brukarar og pårørande
2. å avklare kva rolle psykisk helsearbeidar barn og unge skal ha i skulehelsetenesta, og kva regelverk og retningslinjer vedkomande skal rette seg etter i sitt arbeid.

3. systematiske vurderingar av ressursbruken i helsestasjons- og skulehelsetenesta, for å sikre at ressursane er tilstrekkelege i forhold til dei oppgåvene som skal utførast. "
4. at barn og ungdom i Tysnes kommune vert sikra eit lett tilgjengeleg lågterskeltilbod i helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom
5. at skulehelsetenesta har eit systemretta samarbeid med skulane som er i samsvar med anbefalingane i nasjonale faglege retningslinjer.
6. at sterke anbefalingar i nasjonale faglege retningslinjer blir etterlevd, og sørgjer for at eventuelle avvik blir grunngitt og dokumentert.
7. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.04.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2018

Handsaming i møtet:

Kjersti Gjuvsland frå Deloitte presenterte rapporten. Ho gjekk gjennom tilrådingane som kjem fram etter arbeidet med forvaltningsrevisjonen.

Kontrollutvalet drøfta rapporten og det blei uttalt at tilrådingane kan vera eit arbeidsredskap for å få på plass viktige rutinar for å betra tenestene innanfor helsestasjons- og skulehelseteneste. Det vart trekt fram at det vil vera viktig å arbeida vidare med å få på plass internkontroll- og avvikkssystem, både innan denne sektoren og generelt innan andre sektorar i kommunen.

Utvalet gav tilbakemelding om at rapporten gjev konkrete og tydelege tilrådingar som må arbeidast vidare med, og ønskte lukke til for administrasjonen med arbeidet. Kontrollutvalet ønskjer og at Deloitte skal presentera revisjonsrapporten i kommunestyret når saka skal handsamast der.

Forslag til innstilling blei samrøystes vedteke.

Innstilling:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan Helsestasjons – og skulehelsetenesta i Tysnes kommune ber kommunestyret rådmannen syta for:

1. at det blir etablert eit heilskapleg styringssystem for helsestasjons- og skulehelsetenesta, som omfattar alle pålagde krav knytt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda. Under dette mellom anna:
 - a. Tydeleg fordeling av roller og ansvar
 - b. System for å ha oversikt over medarbeidarane sin kompetanse og behov for opplæring
 - c. System for å få oversikt over område i verksemda der det er risiko for svikt eller manglar
 - d. System for å få oversikt over avvik, under dette uønska hendingar
 - e. Prosedyrar og rutinar knytt til sentrale arbeidsoppgåver
 - f. System for å gjere bruk av erfaringar frå pasientar, brukarar og pårørande
2. å avklare kva rolle psykisk helsearbeidar barn og unge skal ha i skulehelsetenesta, og kva regelverk og retningslinjer vedkomande skal rette seg etter i sitt arbeid.
3. systematiske vurderingar av ressursbruken i helsestasjons- og skulehelsetenesta, for å sikre at ressursane er tilstrekkelege i forhold til dei oppgåvene som skal utførast. "
4. at barn og ungdom i Tysnes kommune vert sikra eit lett tilgjengeleg lågterskeltilbod i helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom
5. at skulehelsetenesta har eit systemretta samarbeid med skulane som er i samsvar med anbefalingane i nasjonale faglege retningslinjer.
6. at sterke anbefalingar i nasjonale faglege retningslinjer blir etterlevd, og sørgjer for at eventuelle avvik blir grunngitt og dokumentert.
7. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.04.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 45/18 Rapport etter interimsrevisjon 2018 Tysnes kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimsrevisjon 2018 frå Deloitte til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2018

Handsaming i møtet:

Manager / rekneskapsrevisor Helena Winkel frå Deloitte presenterte oppsummering etter interimsrevisjon. Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimsrevisjon 2018 frå Deloitte til orientering.

PS 46/18 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2018

Handsaming i møtet:

Desse referatsakene blei gjennomgått i møte:

- RS 15/18 – Finansforvaltningsrapport pr. 31.10.18
Gjennomgått og teke til orientering.
- RS 16/18 – Økonomisk oversikt driftsrekneskap pr. oktober 2018
Teke til orientering.
- RS 17/18 – Rekneskapoversyn kontrollutvalet 21.11.18
Gjennomgått og teke til orientering.
- RS 18/18 – Forum for Kontroll og Tilsyn – Medlemsinfo oktober 2018
Gjennomgått og teke til orientering.
- RS 19/18 – Invitasjon til NKRF kontrollutvalgskonferanse 2019
Gjennomgått og teke til orientering.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen i referatsakene til orientering.

PS 47/18 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2018

Handsaming i møtet:

Aktuelle møteprotokollar blei gjennomgått. Nokre av sakene blei kommentert, og ordførar orienterte nærmare om nokre av sakene. Det var ingen saker ein ville be om meir informasjon om på noverande tidspunkt. Forslag til vedtak blei samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 48/18 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.11.2018

Handsaming i møtet:

Dato for første kontrollutvalsmøte 2019 blei drøfta. Det blei semje om tirsdag 05.03.19. Vidare møteplan for 2019 vert å ta opp på dette møtet.

Vedtak:

Dato for første møte i kontrollutvalet i 2019 vert tirsdag 05.03.19.